



Til FTU i Sogn og Fjordane

Frå Trygg Trafikk v/ Knut Olav Nestås og Audun Heggstad

Dato: 13. mai 2019

## **Høyring om nye læreplanar i skulen – framlegg til uttale frå FTU**

Viser til høyring om nye læreplanar med frist 18. juni 2019: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/horing-nye-lareplaner/>.

Høyringa er relevant for framtidig trafikkopplæring i skulen. Trygg Trafikk tilrår at FTU gjev eit høyringssvar avgrensa til læreplan for kroppsøving.

Revisjonen av læreplanane utgjer siste trinn i kunnskapsmyndigheitene sitt arbeid med fagfornyinga. Ny overordna del om verdiar og prinsipp for grunnopplæringa vart fastsett i 2017 og nye kjerneelement for faga vart fastsett i 2018.

### **1. Bakgrunn**

#### *Dagens læreplanar*

Dagens læreplanar inneheld fleire kompetansemål relevante for trafikk. Til dømes skal elevane gjennom kroppsøvingfaget læra å følgja trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar (innan 4. trinn) og praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel (innan 7. trinn). Vidare skal elevane gjennom naturfaget gjera greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minkar skadar ved uhell og ulykker (innan 10. trinn).

#### *Den fyrste skissa og endeleg høyringsutkast*

I den fyrste skissa til nye læreplanar som vart lagt ut for innspel i 2018, var alt som kunne minna om trafikk- og sykkelopplæring fjerna. Det reagerte fleire FTU og Trygg Trafikk kraftig på. Vi argumenterte med at slik opplæring er heilt nødvendig i lys av det nasjonale målet om at fleire skal sykla og gå, samt regional sykkelsatsing. Vidare minna vi om Stortinget sitt eige vedtak om

å styrka kompetansen om trafikk i barnehage og skule (innst. S 193 frå 2016-2017) og omtale av dette i Nasjonal transportplan gjennom Barnas transportplan, for perioden 2018-2029.

Det kan sjå ut som om argumenta våre har blitt lytta til, for trafikkopplæring er heldigvis tilbake i det endelege høyringsframlegget til nytt kroppsøvfingsfag. Her er forslaga til nye kompetansemål:

- Etter 2. trinn: «*eleven skal kunne øve på trygg ferdsel i trafikken*».
- Etter 4. trinn: «*eleven skal kunne forstå og følge regler i trafikken*».
- Etter 10. trinn: «*eleven skal vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel*».

## 2. Trygg Trafikk si vurdering

Trygg Trafikk vurderer dei føreslåtte kompetansemåla som gode og meiningsfulle. Vi har likevel to tilleggsforslag som vi vurderar som viktige:

### Under «verdier og prinsipper»:

Her manglar omgrepet «sykling» i omtale av dei ulike aktivitetsformane som faget skal fokusera på. Det er eit uheldig signal til kroppsøvlingslærarane når dei skal prioritera tidsbruk i opplæringa. Sykkel er eit viktig framkomstmiddel for barn i trafikken over heile landet, ikkje minst til og frå skulen. Skuleeigaren har dessutan eit lovfesta ansvar for barna sin tryggleik langs skulevegen, jf. opplæringslova. Talet elevar som skadar seg på skulevegen er omfattande, ifølgje lokale legevaktsundersøkingar. Sykling bør derfor verta omtala eksplisitt på linje med andre sentrale aktivitetar i kroppsøvfingsfaget.

Trygg Trafikk føreslår difor i sin høyringsuttale følgjande tillegg i teksten:

*«Bevegelseskultur i form av leik, friluftsliv, dans, symjing, sykling, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar er ein del av den felles danninga og identitetsskapinga i samfunnet».*

### Under «Kompetansemål 7. trinn»:

Framlegget legg ikkje opp til kompetansemål relevant for trafikkopplæring etter 7. trinn. Det er uheldig fordi elevar vert stadig meir aktive og sjølvstendige trafikantar i denne alderen. Samtidig er dei svært sårbare i trafikken og treng å forstå og handtera risiko. Dette er viktig kunnskap i eit trafikkbilete som vert stadig meir komplisert, m.a. med nye variantar av små elektriske køyretøy.

Trygg Trafikk føreslår difor i sin høyringsuttale eit nytt kompetansemål etter 7. trinn: «*Eleven skal kunne ferdes trygt i trafikken til fots og på sykkel, forstå risiko knyttet til uoppmerksomhet og manglende bruk av sikkerhetsutstyr*».

### 3. Framlegg til høyringsuttale frå FTU

*Trygg Trafikk tilrår at FTU kjem med ein høyringsuttale i samband med høyringa om nye læreplanar i skulen. Høyringssvaret kan leggjast direkte inn på høyringsportalen*

*<https://hoering.udir.no/Hoering/v2/342>*

*Under spørsmål 1. Uttrykker læreplanen tydeleg det viktigaste som alle elevane skal lære? Kan ein velja «Delvis enig» og legg til teksten under «Legg til kommentar». Alternativt kan teksten sendast til [post@udir.no](mailto:post@udir.no) (hugs i så fall å merka brevet med høyring læreplan kroppsøving). Me tilrår FTU å nytta høyringsløyninga på Udir. sine nettsider, sidan uttalen då ligg ope ute på nett. Jo fleire som ope meiner noko om dette, dess betre står saka og vanskelegare vert det å sjå vekk frå innspela.*

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) i Sogn og Fjordane fylkeskommune syner til høyringa om nye læreplanar i skulen. Vi har følgjande innspel avgrensa til kroppsøvingfaget:

FTU er nøgd med at trafikkopplæringa er tilbake i kroppsøvingspanen, etter å ha vore fjerna i den fyrste skissa som vart lagt ut for innspel. Slik opplæring er heilt nødvendig sett i lys av det nasjonale målet om at åtte av ti barn skal sykle og gå til skulen. Trafikkopplæring er vidare eit viktig bidrag til nullvisjonen som det er brei politisk semje om. Fleire nasjonale aktørar, m.a. Utdanningsdirektoratet, har plikta seg til dette arbeidet gjennom *Nasjonal tiltaksplan for trafikkikkerhet på veg 2018-2021*.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune vert det kontinuerleg arbeidd med å få på plass betre og meir trafikkikker infrastruktur for mjuke trafikantar. Samtidig må vi bidra til ein god trafikkkultur gjennom innbyggjarane med kunnskap om trafikkreglar, risikoforståing og bruk av tryggleiksstyr. Grunnlaget for god trafikantåtferd gjennom livet vert lagt i barneåra og skulen er ein arena der me kan nå alle.

FTU i Sogn og Fjordane har tradisjonar for å støtta opp under trafikk- og sykkelopplæringstiltak i skulen, t.d. opplæringsressursar som Trygg Trafikk sin sykkelprøve, samt støtta kurs for tilsette, lærarar og studentar. Tiltaka er forankra gjennom fylkeskommunale tilskotsordningar og inngår i FTU sine tiltak. Opplæring og kurs er òg sentrale aktivitetar som ein del av godkjenningssordninga «Trafikkikker kommune», som Sogn og Fjordane fylkeskommune og Trygg Trafikk samarbeider om. Slik sett ser vi på det som svært viktig at kompetansemål bidreg til god forankring av trafikktryggleik i oppvekstsektoren.

FTU er difor positive til dei føreslåtte kompetansemåla relevante for trafikkopplæring:

- Etter 2. trinn: «øve på trygg ferdsel i trafikken»
- Etter 4. trinn: «forstå og følge regler i trafikken»
- Etter 10. trinn: «vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktiviteter, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel».

Vi stør også at det vert lagt opp til kompetansemål relatert til tryggleik, førstehjelp, skadebehandling, samt varierte rørsleaktivitetar på vg. 1,2 og 3.

FTU har to tilleggforslag:

Under «verdier og prinsipper»:

Her manglar omgrepet «sykling» i omtale av dei ulike aktivitetsformene som faget skal fokusere på. Det er eit uheldig signal til kroppsøvingslærarane når dei skal prioritera tidsbruk i opplæringa. Sykkel er eit viktig framkomstmiddel for barn i trafikken over heile landet, ikkje minst til og frå skulen. Skuleeigaren har dessutan eit lovfesta ansvar for barna sin tryggleik langs skulevegen, jf. opplæringslova. Talet elevar som skadar seg på skulevegen er omfattande, ifølgje lokale legevaktsundersøkingar. Sykling bør derfor verta omtala eksplisitt på linje med andre sentrale aktivitetar i kroppsøvingsfaget.

FTU i Sogn og Fjordane føreslår difor i sin høyringsuttale følgjande tillegg i teksten:

*«Bevegelseskultur i form av leik, friluftsliv, dans, symjing, sykling, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar er ein del av den felles danninga og identitetsskapinga i samfunnet».*

Under «Kompetansemål 7. trinn»:

Framlegget legg ikkje opp til kompetansemål relevant for trafikkopplæring etter 7. trinn. Det er uheldig fordi elevar vert stadig meir aktive og sjølvstendige trafikantar i denne alderen. Samtidig er dei svært sårbare i trafikken og treng å forstå og handtera risiko. Dette er viktig kunnskap i eit trafikkbilete som vert stadig meir komplisert, m.a. med nye variantar av små elektriske køyretøy, som me no ser det truleg vert meir av i Bergen og truleg fleire tettstader i Hordaland, framover.

FTU i Sogn og Fjordane føreslår difor i sin høyringsuttale eit nytt kompetansemål etter 7. trinn:

*«Eleven skal kunne ferdas trygt i trafikken til fots og på sykkel, forstå risiko knyttet til uoppmerksomhet og manglende bruk av sikkerhetsutstyr».*

*Vi ynskjer lykke til med ferdigstilling av læreplan i kroppsøvingsfaget.*

Med helsing,

Fylkestrafikktryggingsutvalet i Sogn og Fjordane